

## NORD-FRON KOMMUNE KONTROLLUTVALET

---

### REFERAT

Frå fellesmøte med kontrollutvala i Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron.

Tid: : Torsdag, 16.12.2010, kl 08.30 – ca 12.30

Møtestad : Kommunehuset i Nord-Fron, møterom 1.

Til stades frå Nord-Fron:

Jan Roger Bøe Øien, Jostein Gårderløkken, Haldis Skuterud, Turid Kleiva, Mathias Kjæstad, og Elin F Teigmoen.

Til stades frå Sør-Fron:

Ole Tvete Muriteigen, Guri Brandvold, og Trond Veske.

Til stades frå Ringebu:

Wictor Sandvold og Hege Ruud Ringstad

Forfall: Oddgeir Ravneberg, Nord-Fron, og Gjermund Lognseth, Ringebu.

Etter ei kort presentasjonsrunde rundt bordet innleidde leiar i kontrollutvalet i Nord-Fron. Deretter heldt leiarane i kontrollutvala i Sør-Fron og Ringebu kvart sitt innlegg. Etterpå var det ordet fritt, og ulike tema og problemstillingar vart drøfta fram mot lunsj.

Nokre punkt frå diskusjonen:

- Talet på/ samansettning av medlemmer: I Nord-Fron er dei nøgde med å vera 7 medl, og at alle parti er representert. Dette gjer at fleire meininger kjem fram. Frå Ringebu kom det synspunkt om at 3 stk kan vera sårbart, særlig ved forfall. Det kan ofte vera vanskeleg å få tak i vararepresentant, og det kan vera vanskeleg for vararepresentantane å setje seg inn i arbeidet i kontrollutvalet. Det vart lufta forslag om at vararepresentantane ikkje treng vera personlege, men blokk-representerte, eller felles vara.
- Forvaltningsrevisjonar: Nytteverdien av forvaltningsrevisjonar vart diskutert. Kva skjer med rapporten etter at den er overlevert til kommunestyret? Kontrollutvalet må sjølv vera flinke til å følgje opp den vidare prosessen, få resultata ut til folket. Bruk kommunane sine nettsider, bruk media. Viktig at rapporten blir presentert i kommunestyret av kontrollutvalet, eller revisor. Følg opp i administrasjonen, inviter dei til å orientere om kva som er gjort i forhold til rapportane.
- Val av medlemmer til kontrollutvalet: Det var vanskeleg å få til ei lovleg samansetting av kontrollutvala ved siste val, dette pga kravet om at minst ein medlem også skulle vera kommunestyrerrepresentant. Kontrollutvala anbefaler at val til kontrollutvala skjer etter valet til formannskapet, og ikkje etter at alle dei andre utvala er fylt opp. Informasjon om arbeidet i kontrollutvala bør vera med i folkevaldopplæringa for nyvalde kommunestyrerrepresentantar.

- Ønskje om at kommunestyret nytta kontrollutvala i større grad enn i dag. Innspel frå politikarane vil gje arbeidet i kontrollutvala ei betre forankring.
- Ønskje om meir samarbeid mellom kontrollutvala. Ha eit fellesmøte tidlegare i valperioden, fast orientering om forvaltningsrevisjonar i dei andre utvala.
- Revisjon: Vanskeleg å vete kva som ligg i kontrollutvalet sitt ansvar for å sorgje for ei forsvarleg revisjonsordning. Kva handlingar sikrar at dette ansvaret er oppfylt? Problemstillinga er også peika på i rapporten ”85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane”, der arbeidsgruppa meiner at kontrollutvalet har ei utfordrande oppgåve i påse-ansvaret overfor rekneskapsrevisor. I si tilråding nr 40 seier dei: Det er behov for rettleiing om kontrollutvalet sitt påse-ansvar overfor rekneskapsrevisor. Kontrollutvala bør få vite om rolla til revisor, dei formelle krava til revisor, og gode spørsmål som ei kan stille revisor for å etablere ein dialog og for å informasjon om arbeidet hennar eller hans.

Etter lunsj gav renovasjonssjef Gøran Løkken ei orientering om MGR – Midt-Gudbrandsdal Renovasjonsseskap. MGR er eit samarbeidsselskap mellom Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron, der Ringebu er vertskommune.

Vinstra, 21.12.2010

Ingvild Selfors  
sekretær